



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Næringshagen
Dato: 30.11.2017
Tid: 19:00 – 19:50

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
47/17 – 50/17

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 47/17	Referatsaker
----------	--------------

PS 48/17	Driftsstøtte og rammeavtale til senter for incest og seksuelle overgrep i Telemark
----------	--

PS 49/17	Selskapsavtale for IKA Kongsberg 2018
----------	---------------------------------------

PS 50/17	Omorganisering av administrativt leiarnivå i kommunen
----------	---

Fyresdal 22. november 2017

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 47/17 Referatsaker

I møtet:

- I førre kommunestyremøte vart fylgjande vedtak fatta:

Kommunestyresak 46/17 – Oppstart av ny virksomhet i IKM-bygget.

Fyresdal kommune er med på å etablere nytt selskap for drift i IKM-bygget med tilstøytande bygg. Fyresdal går inn med maksimalt 25.000 kr i aksjekapital. Ordføraren får fullmakt til å stifte selskapet og er kommunen sin representant i styret. Styret konstituerer seg sjølv.

Fyresdal kommune sin del av aksjekapitalen kr 25.000,- blir finansiert via næringsfondet.

Forutsett kommunestyret si godkjenning.

Etter at ein har arbeid med oppretting av dette selskapet har det kome behov for endringar. Det er nå eit ynskje om å opprette to selskap for å spreie risiko og ha ulike eigarar.

Eit selskap innan maskinering og eit selskap innan shipping.

Ordføraren ynskjer å auke løyvinga i tidlegare vedtak til kr 50.000,- samla for dei to selskapa.

Eit samrøystes kommunestyre vedtok dette.

- Kjell Sverre Thoresen reiste spørsmål om mottak av flyktingar i 2018 etter at stortinget auka talet for mottak av overføringsflyktingar og ba administrasjonen ha eit trykk på IMDI om at Fyresdal kommune ynskjer mottak også i 2018. Ved ei eventuell tildeling skal det leggast fram sak for kommunestyret.
- Kva gjer ein med Gardar? Her er det tre alternativ – selje det, rive det eller overføre det til Telemark Lys AS. Dette vil ein kome tilbake til i samband med budsjetthandsaminga i neste møte.
- Tysdag 5. desember er det Vest Telemark Ting her i Fyresdal og eigarskapsmøte Vest Telemark Kraftlag.

RS 28/17 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 29/17 Orienteringar

RS 30/17 Møteplan 2018 - utkast

RS 31/17 Tilskot til Vest-Telemark muslimske trudomssamfunn

RS 32/17 Tilskot til Kristiansand salem misjonsmenighet

RS 33/17 Tilskot til Froland misjonsmenighet

RS 34/17 Tilskot til Guds menighet Vegårshei

RS 35/17 Tilskot til Syvendedags adventistkirken - den Norske union

RS 36/17 Tilskot til Evangelische gemeinde deutscher sprache in Norwegen

RS 37/17 Tilskot til Oslo katolske bispedømme

RS 38/17 Tilskot til Metodistkirken i Norge

RS 39/17 Tilskot til Sjamanistisk forbund

RS 40/17 Tilskot til Bergen hindu sabha

RS 41/17 Tilskot til Betania den frie evangeliske forsamling

RS 42/17 Tilskot til Den evangelisk lutherske frikirke

RS 43/17 Tilskot til Kristensamfunnet i Norge

RS 44/17 Tilskot til Somalisk trossamfunnet i Notodden

RS 45/17 Tilskot til Søndre Norstrand muslimske senter

RS 46/17 Tilskot til Pinsemenigheten Salem

RS 47/17 Tilskot til Human etisk forbund

PS 48/17 Driftsstøtte og rammeavtale til senter for incest og seksuelle overgrep i Telemark

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune formaliserer samarbeidet med Senter for incest og seksuelle overgrep i Telemark ved å inngå vedlagte avtale for perioden 01.01.2018 -31.12.2021. Det årlege tilskotet vert løyvd frå OKO-utvalet sitt disponible fond.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 23.11.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 23.11.2017

Fyresdal kommune formaliserer samarbeidet med Senter for incest og seksuelle overgrep i Telemark ved å inngå vedlagte avtale for perioden 01.01.2018 -31.12.2021. Det årlege tilskotet vert løyvd frå OKO-utvalet sitt disponible fond.

Handsaming i Kommunestyret - 30.11.2017

Samrøystes i samsvar med vedtaket i OKO-utvalet.

Vedtak i Kommunestyret - 30.11.2017

Fyresdal kommune formaliserer samarbeidet med Senter for incest og seksuelle overgrep i Telemark ved å inngå vedlagte avtale for perioden 01.01.2018 -31.12.2021. Det årlege tilskotet vert løyvd frå OKO-utvalet sitt disponible fond.

PS 49/17 Selskapsavtale for IKA Kongsberg 2018

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune godkjenner selskapsavtale for Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark(IKA Kongsberg) 2018 slik ho ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 30.11.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 30.11.2017

Fyresdal kommune godkjenner selskapsavtale for Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark(IKA Kongsberg) 2018 slik ho ligg føre.

PS 50/17 Omorganisering av administrativt leiarnivå i kommunen

Innstilling frå rådmannen:

Kommunestyret set ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som kjem med framlegg/forslag til endra organisering av det administrative leiarnivået i kommunen. Målet bør vere å skape ein vel fungerande tilnærma tonivåmodell samstundes som at ein kan få økonomiske innsparingar.

Framlegget skal synleggjere endringar i eksisterande heimlar/nye heimlar for dei områda som blir berørt av ei mogeleg endring, ned til avdelingsnivå.

Arbeidsgruppa har frist for å gje tilbakemelding til 01.02.2018.

Arbeidsgruppe:

Rådmann

Hovudverneombod

Ein hovudtillitsvald

Senterpartiet 1 repr.(namn)

Arbeiderpartiet 1 repr.(namn)

Leiar av arbeidsgruppa(namn)

Personalkonsulent (sekretær uten stemmerett)

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 22.11.2017

Utdanningsforbundet: Frist 1. februar er for kort. Mykje arbeid når ein tillitsvald skal få innspel frå alle andre tillitsvalde i dei ulike foreningane og avdelingane.

Fagforbundet er enig i at fristen er for kort, dei foreslår 15. mars.

Utdanningsforbundet ynskjer at ein kunne finne plass til ein tillitsval til, ikkje nødvendigvis med stemmerett men med møte og uttalerett, på grunn av kort tidsfrist.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 22.11.2017

Samrøystes for innstillinga, men AMU ynskjer at fristen for arbeidsgruppa for å gje tilbakemelding blir utsett til 15.03.2017.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 29.11.2017

Tillitsvalde spurde om kvifor formannskapet ynskte å ha hovudverneombod med i arbeidsgruppa.

Leiar svara at det er fordi framlegget delvis handlar om økonomisk innsparing, og at framlegget har/kan ha verknad på arbeidsmiljøet.

Rådmannen orienterte om at fleire tillitsvalde ynskte å vere med i arbeidsgruppa, politikarane kjenner til brev frå Delta, i tillegg har Sjukepleiarforbundet ynskjer om å vere med i gruppa. Orienterte og om at HA § 4 Partsamansett utval handlar om administrasjonsutval. Ei arbeidsgruppe nedsett av kommunestyret treng ikkje fylje denne regelen om partsamansett utval.

Tillitsvalde i gruppa meiner at fristen for tilbakemelding er for kort, den tillitsvalde som sit i gruppa skal ha tid til å informere og få tilbakemeldingar frå tillitsvalde i dei andre foreningane, Viktig at alle blir høyd og får høve til å kome med tilbakemeldingar for at dette skal bli ein god prosess.

Framlegg frå Rita. T. Metveit frå Fagforbundet:

Frist for tilbakemelding frå arbeidsgruppa blir utsett til 15. mars.

Administrasjonsutvalet rår til at hovudtillitsvald i Fagforbundet blir den tillitsvalde i arbeidsgruppa, då dei har klart flest medlemar.

Samrøystes for innstillinga til rådmannen med endring og tillegg som i framlegget frå Rita T. Metveit.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 29.11.2017

Kommunestyret set ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som kjem med framlegg/forslag til endra organisering av det administrative leiarnivået i kommunen. Målet bør vere å skape ein vel fungerande tilnærma tonivåmodell samstundes som at ein kan få økonomiske innsparingar. Framlegget skal synleggjere endringar i eksisterande heimlar/nye heimlar for dei områda som blir berørt av ei mogeleg endring, ned til avdelingsnivå.

Arbeidsgruppa har frist for å gje tilbakemelding til 15.03.2018.

Arbeidsgruppe:

Rådmann

Hovudverneombod

Hovudtillitsvald frå Fagforbundet

Senterpartiet 1 repr.(namn)

Arbeiderpartiet 1 repr.(namn)

Leiar av arbeidsgruppa(namn)

Personalkonsulent (sekretær uten stemmerett)

Handsaming i Kommunestyret - 30.11.2017

Framlegg frå Arbeiderpartiet:

Arbeiderpartiet sin representant og leiar for gruppa: Erik Skjervagen.

Framlegg frå Senterpartiet:

Senterpartiet sin representant for gruppa: Thor Inge Levang.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i Administrasjonsutvalet.

Vedtak i Kommunestyret - 30.11.2017

Kommunestyret set ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som kjem med framlegg/forslag til endra organisering av det administrative leiarnivået i kommunen. Målet bør vere å skape ein vel fungerande tilnærma tonivåmodell samstundes som at ein kan få økonomiske innsparingar. Framlegget skal synleggjere endringar i eksisterande heimlar/nye heimlar for dei områda som blir berørt av ei mogeleg endring, ned til avdelingsnivå.

Arbeidsgruppa har frist for å gje tilbakemelding til 15.03.2018.

Arbeidsgruppe:

Rådmann

Hovudverneombod

Hovudtillitsvald frå Fagforbundet

Senterpartiet 1 repr. Thor Inge Levang

Arbeiderpartiet 1 repr. Erik Skjervagen

Leiar av arbeidsgruppa Erik Skjervagen

Personalkonsulent (sekretær uten stemmerett)

